



**Sula  
Arbeiderparti**

**Partiprogram  
2023-2027**

# Innhald

|   |           |
|---|-----------|
| Dei store oppgåvene løyser vi best saman .....  | 3         |
| Våre grunnleggande verdiar: fridom, likskap og solidaritet.....   | 4         |
| <b>Del 1: Arbeid.....</b>   | <b>5</b>  |
| Økonomi: trygg og langsiktig økonomisk styring .....  | 5         |
| Næring: arbeid og verdiskaping.....   | 5         |
| Arbeidsliv: eit godt arbeidsliv for alle .....  | 6         |
| Digitalisering: reisa frå reaktivt til proaktivt.....   | 7         |
| <b>Del 2: Velferd .....</b>   | <b>8</b>  |
| Ein god oppvekst varer heile livet .....  | 8         |
| Barnehage: ei nødvendig og naturleg teneste .....   | 8         |
| Skule og utdanning: ein god offentleg skule og lik rett til utdanning..                                   | 9         |
| Ungdom: lokal oppvekst i ei globalisert verd .....  | 10        |
| Helse og omsorg: vi tek vare på kvarandre .....   | 11        |
| Eldre: sjef i eige liv .....  | 11        |
| Beredskap og førebygging: tryggleik og nærleik.....   | 12        |
| Barnevern: fellesskapet sitt ansvar til det beste for barna.....  | 13        |
| Pensjon: ein god pensjon å leve av .....  | 13        |
| <b>Del 3: Klima og miljø .....</b>  | <b>13</b> |
| Klima og natur: ramma rundt all annan politikk .....  | 14        |
| Sirkulærøkonomi: dele for å skape .....   | 15        |
| <b>Del 4: Folk og samfunn .....</b>   | <b>17</b> |
| Tru og livssyn: eit livssynsoppe samfunn med respekt for alle.....  | 17        |
| Bustad: trygg bustad for alle.....  | 17        |
| Kultur-kommunen Sula.....   | 18        |
| Idrett og friluftsliv: .....  | 19        |
| Frivillig innsats: ein sterk frivillig sektor som står på eigne bein. ....                                | 19        |
| Likestilling, innvandring, inkludering og antirasisme: eit likestilt<br>samfunn er eit fritt samfunn..... | 20        |
| Familie: gode ordningar for alle familiar .....   | 20        |
| <b>Del 5: Sula - ein del av verda.....</b>  | <b>21</b> |
| Regional utvikling.....   | 21        |
| Samferdsle .....  | 21        |
| Eit godt lokaldemokrati .....   | 22        |

## Dei store oppgåvene løyser vi best saman

Sula har som mål å vere ein kommune der innbyggjarane kjenner samkjensle og identitet. I Sula Arbeidarparti meiner vi at dette målet når ein ved å løyse dei store oppgåvene i fellesskap. God kommunikasjon med respekt for kvarandre sine synspunkt og meiningar er avgjerande for å bygge den tilliten som trengs for eit velfungerande samfunn.

Sula er ein kommune mange ønsker å bu i, mykje på grunn av dei mange gode kvalitetane ein finn her. Vi har fin og variert natur som er lett tilgjengeleg for dei fleste. Vi har eit allsidig kultur- og fritidstilbod og tilgang til gode arbeidsplassar innanfor mange ulike bransjar.

Og framfor alt: Vi har 10 000 positive og ressurssterke innbyggjarar som bidreg til å gjere kommunen til ein god stad å bu.

Sjølv om Sula er ein god stad å bu for dei aller fleste, er det rom til forbetringar. For å trygge

dagens busetnad og sikre at det også i framtida er attraktivt for folk å flytte til Sula må vi ha gode kommunale tenester, eit godt og trygt fellesskap, forutsigbarheit og fornying.

Sula kommune skal vere eit fellesskap der vi alle skal ha lik rett til å nyte dei goda vi skaper saman. Sula Arbeidarparti vil at kvinner og menn, unge og gamle, skal likeverdige ta del i fellesskapet. Og sjølv om vi har nådd langt i fordelinga av goda og moglegheitene, er det framleis dei som fell utanfor. Dette vil vi gjere noko med.

Sula Arbeidarparti vil arbeide for at dei kommunale prioriteringane i åra som kjem har fokus på å motverke utanforskap og løfte dei som treng det mest. Vi ønsker eit lokalsamfunn som gir alle moglegheit til å forme sine liv ut i frå eigne føresetnader, og moglegheit til å ta del i pliktene som følger med eit felles ansvar.



## Våre grunnleggande verdiar: fridom, likskap og solidaritet

Fridom, solidaritet og like rettar til utvikling og deltaking er hovudprinsippa i Arbeiderpartiet sitt sosialdemokratiske verdigrunnlag. Det handlar om at kvart einskild menneske skal få høve til å realisere draumane sine om eit godt liv, saman med andre. Desse verdiane vil Sula Arbeiderparti legge til grunn når politikken for dei komande åra skal planleggast og utførast.

Sjølv om stadig fleire er i arbeid og dei fleste av oss har det ganske bra, veks forskjellane mellom dei som har mykje og dei som har lite.

Verdsøkonomien og verdssamfunnet er i endring. Klimautfordringar, energimangel, krig og politisk uro, forskjellane aukar. Difor er det viktigare enn nokon gong før at vi fører ein politikk som utjamnar forskjellane og prioriterer dei som fell utanfor.

Det er kanskje lett å tru at det som blir diskutert i Stortinget og i kommunestyra ikkje vedkjem deg og din kvardag. Stortinget legg sjølv sagt mykje av grunnlaget for kva samfunn vi klarer å skape i kommunane. Men det er ikkje likegyldig kva prioriteringar kommunestyret gjer. Prioriteringar og vegval i kommunestyret kan få konsekvensar for kvar og ein av oss.

Arbeiderpartiet vil at Noreg skal vere eit land med sosial rettferd og at ein tek vare på alle. Det er kommunane som er tenesteytarar og har kontakta med innbyggjarane, difor må vi arbeide for å nå desse måla også i vår eigen kommune.


Sula er heimstaden vår og Sula er ein kommune dei fleste av oss er svært glade i. Namnet Sula kallar for mange fram positive kjensler. Ein vinterdag med strålande sol på Sulafjellet, eller ein sommarkveld på fjorden. Kanskje minnest du ein vandringstur i strandkanten, eller møte med gode vener. Kanskje er det samhaldet i familien du først tenker på, eller positive hendingar på

arbeidsplassen, skulen eller barnehagen. Oppvekst, venskap, lærdom, arbeid, erfaringar og opplevingar. Sula har gitt mykje til mange, og har framleis mykje å gi til oss som bur her!

Sula Arbeiderparti vil at vi i fellesskap skal gjere ein innsats for at kommunen skal bli best mogleg å bu i.

For å løyse morgondagens utfordringar treng vi meir samarbeid, dugnadsånd, solidaritet med kvarandre og fellesskap.

Vi treng ein politikk som er tufta på dei sosialdemokratiske verdiane fridom, solidaritet og like rettar til utvikling og utfolding.



## Del 1:

# Arbeid

## Økonomi: trygg og langsiktig økonomisk styring

I Sula har vi mange moglegheiter til å forme framtida, vi har styrkar og eigenskapar som kan vere oss til stor hjelp. Samstundes har vi fleire utfordringar og oppgåver som må løysast i åra som kjem. Dette kan bli både spanande og krevjande for politikarar og innbyggjarar. Vil vi halde fram med å vere eigen kommune må vi ha orden i både økonomi og tenestetilbodet.

I det lokalpolitiske arbeidet har dei forskjellige partia ulike løysingar. Sula Arbeidarparti meiner at vi ikkje kan sette ein prislapp på menneske, men at vi bør gi den hjelp og stønad den enkelte treng. Den einskilde innbyggjar må føle seg trygg på at dei får den hjelp og dei tenestene ein treng i dei ulike fasane av livet.

Dei siste åtte åra med ordførar frå Arbeiderpartiet har vore prega av stor kommunal aktivitet, og innanfor kommunalteknisk område, oppvekst, helse og omsorg har vi fått utretta mykje bra. Skular og trygging av skuleveggar har vore prioritert.

Sula er ei kommune i vekst, samstundes er vi ei låginntektskommune. Det gjer at vi må ha god kontroll på økonomien. Dei siste åtte åra har kommunen gjennomført omfattande prosessar for å sjå på korleis ein skal

organisere og drifte tenestene våre på best mogleg måte. Dette er avgjerande for å sikre innbyggjarane best moglege tenester innanfor ein berekraftig økonomi. Men vi har samstundes eit ansvar for å legge til rette for at dei som kjem etter oss får økonomisk handlingsrom og gode tenester. Skal vi lukkast med dette må vi stå SAMAN om framtidsretta løysingar.

### Sula Arbeiderparti vil:

- betre og styrke dei kommunale kjernetenestene og fokusere på ei organisering som gir berekraftig økonomi. Kvaliteten på tenestene må heile tida vere gode nok for dagens behov, og digitalisering og nytenking må vere i fokus for å sikre at vi òg kan møte framtidens behov
- arbeide for å oppnå kommunen sine måltal, og satse meir på førebygging og mindre på reparasjonar
- arbeide opp mot nasjonale myndigheiter for å betre låginntektskommunar sin økonomi, til dømes ved økte statlege overføringar
- at det skal vere samanheng mellom samfunns- og arealplanar og økonomiske prioriteringar
- aktivt forvalte kommunen sine eigedomar

## Næring: arbeid og verdiskaping

Sula er i hovudsak ein viktig bustad- og pendlarkommune med relativ låg arbeidsplassdekning. Likevel har vi eit variert lokalt næringsliv som sysselset mange.

Å legge til rette for at lokalt næringsliv skal kunne utvikle seg med trygge berekraftige arbeidsplassar er ei viktig kommunal oppgåve.

Oppdaterte arealplanar, god infrastruktur og kollektivtilbod er viktig. Kommunen bør difor ha ein levande næringsplan og ha nært og tett samarbeid med næringslivet. Det er òg viktig at ein passer på å unngå konflikt mellom bustad og næring, og ein må ta omsyn til dette når ein lagar kommuneplanar.

### **Sula Arbeiderparti vil:**

- legge til rette for å regulere areal som kan nyttast til industri og næringsføremål, og prioritere klargjering og utbygging av kommunaltekniske anlegg i område som alt er utpeika til desse føremåla
- sørge for at reguleringsplanen for Vedde - Holsneset vert utarbeidd snarast råd
- arbeide for å realisere ny fylkesveg med tunell mellom Vedde og Mausa
- arbeide for at natur og friluftsområde i Sula må forvaltast til det beste for innbyggerane i regionen
- satse meir på berekraftig opplevingsbasert økoturisme innanfor naturen si tolegrense
- at kommunen skal vere «Ungt entreprenørskap-kommune»

- aktivt støtte unge gründarar gjennom næringsfond og næringsstipend
- i samarbeid med næringslivet skal Sula kommune vere ein aktiv pådrivar for næringsutvikling i regionen
- arbeide for å fremje berekraftig og effektiv næringsutvikling
- snarleg realisere bygging av det nyleg regulerte Veibustkrysset
- starte reguleringsarbeidet med dei delane av Langevåg som ikkje er omfatta av sentrumsplanen
- regulere avlastningsvegen til Molvær for å redusere trafikk gjennom sentrum
- starte opp rullering av kommunen sin Areal- og samfunnsplan

## **Arbeidsliv: eit godt arbeidsliv for alle**

Ein av dei grunnleggande berebjelkane i norsk arbeidsliv er faste tilsettingar og heiltidsstillingar for dei som ønsker det. Regulerte lønns- og arbeidsforhold som sikrar eit godt livsgrunnlag er viktig og difor er det naudsynt med godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet. Organisasjonsfridom og ordna forhold må vere ei sjølvfølge. Slik er det òg i Sula og vi ønsker eit arbeidsliv med plass til alle og som legg til rette for at dette kan gjerast på ein slik måte at verdiane våre kan kome fram.

Vi meiner at kvaliteten på fellesskapsløysingane og velferdstenestene blir betre dersom dei som utfører desse har trygge og føreseielege arbeidsvilkår. For å få til dette i ei verd i endring trengst det effektive løysingar, tett samarbeid med dei tilsette, deira organisasjonar, og ein god arbeidsgivarpolitikk i botn.

Vi ønsker at Sula kommune framleis skal vere tydeleg på at ein tillitsbasert kultur skal vere førande for styringa av kommunen. Å bygge ein tydeleg tillitskultur tar tid og krev fokus. For å få til dette må vi gi tilsette og leiarar fagleg mynde, tilstrekkeleg bemanning, gode lønns- og arbeidsvilkår og kompetansehevingstiltak.

### **Sula Arbeiderparti vil:**

- at Sula skal vere ein føregangskommune og legge til rette for flest moglege lærlingplassar innanfor alle delar av kommunen sine verksemder
- arbeide for at kommunen legg til rette for yrkeshemma slik at desse i størst mogleg grad kan ta del i arbeidslivet
- at Sula kommune ikkje kjøper varer eller tenester i frå bedrifter som ikkje har ryddige forhold for sine tilsette
- at kommunen, for å motverke sosial dumping og uryddige forhold for dei tilsette, stiller krav om tariffavtale hos kontraktørar og underleverandørar ved kommunale anbod
- arbeide for å fjerne ufrivillige deltidsstillingar og etablere ein heiltidskultur i Sula kommune. Vi ønsker at alle kommunale stillingar i hovudsak skal utlysast som heile faste stillingar
- legge til rette for at vi kan prøve ut nye arbeidstidsmodellar. Ein bør sjå på moglegheitene for tidskonto og intern vikarpool med faste tilsette. Dette må skje i samarbeid med dei tilsette
- auke helg- og nattillegg for dei som arbeider turnus i kommunale verksemder

## Digitalisering: reisa frå reaktivt til proaktivt

Samfunnet og teknologien er i ei hurtig utvikling. Å nytte seg av moglegheitene som ny digital teknologi kan gi, er heilt avgjerande for å møte utfordringane som kommunal tenesteyting står ovanfor i åra som kjem. Samstundes må ein satse på å auke kompetansen til dei tilsette i kommunen slik at ein kan gjere mest mogleg nytte av den teknologiske utviklinga.

Vi ønsker å bruke ny kunnskap og digital teknologi til å gjere våre kommunale tenester meir proaktive, individuelt tilpassa og saumlause. Vi ønsker at innbyggjarane skal ha gode opplevingar i kontakt med kommunen. Søknadsprosessar og informasjon må vere enkle å forstå og lette å nytte seg av.

Vi ønsker at Sula kommune skal være i front når det kjem til digitalisering i velferdstenesta. Ein kan vere ekstra sårbar når ein prøver ut ny velferdsteknologi, difor er det viktig at ein har fokus på risikoreduserande tiltak slik at brukarane ikkje blir skadelidande når ein innfører nye system.

### Sula Arbeiderparti vil:

- at kommunen skal nytte seg av kunnskapen vi har om eigne innbyggjarar og næringsliv til å kunne utvikle tenestene våre for å møte både dagens og framtidens behov
- lage ein digital tvilling av kommunen. Arealplanar, samferdsle og utbygging kan planleggast og simulert for å legge til rette for meir presise avgjersler. Datadrivne avgjersler kan hjelpe oss å førebu ei tryggare framtid
- vidareutvikle kommunen sine digitale plattformer
- bruke digital teknologi for å gjere kommunale tenester meir proaktive, individuelt tilpassa og saumlause
- sette fokus på å sikre at alle kan følge med i den digitale utviklinga utan å falle utanfor
- arbeide for at Sula skal bli ei lærande kommune med fokus på kontinuerleg utvikling og forbetring
- sørge for å ha rutinar og prosedyrar som sikrar personvernet



## Del 2:

# Velferd

## Ein god oppvekst varer heile livet

Vårt mål er at alle barn skal vekse opp i tryggleik same kven dei er, kvar dei kjem frå, og korleis familien deira er sett saman. Familien er det viktigaste fellesskapet for dei fleste barn og unge. Familiar med tid og overskot til å vere til stades for sine yngste, er den beste ramma for ein god oppvekst. Mange barn veks opp i familiar med utfordringar. Det kan vere økonomiske problem, vald, rus, sjukdom eller andre tilhøve som gjer barn utrygge.

Fellesskapet skal stille opp for familiar og barn som treng det. Enten det er gjennom kommunale tenester, barnevern, rettleiing, eller eit tilpassa tilbod for å hjelpe foreldre eller barn.

For Sula Arbeiderparti er det difor viktig at vi heile tida tenker på heilheita i tenestene vi leverer. Mange av tenestene treff den same brukargruppa, og vi ønsker fokus på kontinuitet og å vere føreseielege.

Samkjensle er viktig for eit kvart menneske. Det å høyre til eit fellesskap er eit

grunnleggande menneskelege behov. Familien er det viktigaste fellesskapet for den einskilde, men større fellesskap er viktig både for den enkelte og lokalsamfunnet. Når nokon fell utanfor fellesskapet kan konsekvensane bli store. Difor er det viktig at ein arbeider målretta frå starten av for å motverke utanforskap.

### Sula Arbeiderparti vil:

- arbeide for samlokalisering av tenester som naturleg høyrer saman. Til dømes tiltakseining for Barn og Unge, Helsestasjonen, Pedagogisk Psykologisk Teneste, barnevern med meir
- samlokalisering bør skje i eit tilpassa bygg som er sentralt plassert og i nærleiken av både brukarane og andre offentlege tenester
- utvida samarbeid med frivillige og ideelle lag og organisasjonar som kan vere eit nyttig supplement til dei offentlege tenestene

## Barnehage: ei nødvendig og naturleg teneste

Sula Arbeidarparti meiner at barnehagar er ei nødvendig og naturleg teneste som kommunen bygger ut for innbyggjarane sine. All framtidig utviding eller forbetring av barnehagar og kapasitet skal skje i kommunal regi.

Likevel er dei private barnehagane eit viktig og naudsynt tilskot til dei kommunale, men det er ein føresetnad at dei private barnehagane blir drivne etter dei prinsipp, intensjonar og reglar som gjeld for kommunal barnehagedrift.

### Sula Arbeiderparti vil:

- sikre framleis full barnehagedekning i kommunen
- at vekst i barnehagekapasitet skal skje først og fremst ved å auke talet på kommunale barnehageplassar
- halde barnehageprisane så låge som mogleg
- arbeide for at opningstida i barnehagane og skulefritidsordninga (SFO) i størst mogleg grad er samkøyrde og i samsvar med familiarne sine behov



- at søskenmoderasjon skal gjelde på tvers av barnehagar og SFO
- ha store nok og effektivt nok drivne kommunale barnehagar i alle delar av kommunen, dette vil få ned kostnadane ved drift av både offentlege og private barnehagar
- bygge ny barnehage på indre til erstatning for Sunde barnehage, dette kan skje på allereie kommunalt eigde tomter
- auke kvaliteten i tilbodet til dei minste borna i barnehagane gjennom å auke bemanninga. Minst 50% av dei tilsette i

barnehagane skal vere utdanna barnehagelærarar eller ha høgare utdanning. Det bør vere maks to born per tilsett for born under to år og fem born per tilsett for born over tre år

- at nyutdanna barnehagelærar skal få kvalifisert rettleiing dei to første åra i sin første jobb
- ha ordningar for tilsette i barnehagane slik at dei som ønsker det skal få moglegheit til kompetanseheving. Dette må skje i samsvar med behova i den enkelte barnehage

## Skule og utdanning: ein god offentleg skule og lik rett til utdanning

Sula Arbeiderparti vil ha ein god fellesskule prega av likeverd, tryggleik og kvalitet. Skulen skal gi moglegheit for individuell utvikling i fellesskap med andre. Elevane i Sula-skulen skal oppleve å høyre til i et trygt og godt miljø for læring og trivsel. Vi vil arbeide for eit godt skuletilbod i heile kommunen.

Skulane i Sula er relativt nye og med høg standard. Nok plass både inne og ute er viktig for elevar og tilsette sin trivsel og læring. Gode og funksjonelle leikeapparat for ulike aktivitetar er viktig og må prioriterast ved alle skulane. At ein har gode og funksjonelle skulebygg med moglegheiter for fleirbruk er viktig for å sikre ein skule for framtida.

Samfunnet er i stadig endring; rettigheter og forventningar set offentlege tenester under press. Det er viktig at foreldrerolla ikkje blir svekka og at ansvaret for oppseding ikkje blir overlata til skulane. Difor er god dialog og samspel mellom skulane og heimen svært viktig.

### Sula Arbeiderparti vil:

- at lærarane må få ressursar og kompetansen som trengst for å gi elevane dei beste føresetnadane for læring og kunnskap
- arbeide for at kontaktlærarane i skulen har tilstrekkeleg tid til å følge opp elevane si læring og utvikling på ein god måte

- auke satsing på digitalisering i skulen, samstundes må ein oppretthalde grunnleggande skrive- og leseferdigheiter som handskrift og å lese bøker
- at skulen har læring med kvalitet i alle ledd
- at skulane sine digitale plattformer må sikrast på ein slik måte at det ikkje skal være mogleg for barn å bli utsette for pornografisk innhald, vald og pengespel
- at skulen legg til rette for å kunne nyttast til allsidig bruk, med rom for eit fleksibelt opplæringstilbod som er tilpassa for å gi elevane best mogleg læring
- at elevar som ikkje fungerer i ein «A4-skulekvardag» får den oppfølginga dei treng slik at skulen kan tilpassast eleven heller enn at eleven må tilpassast skulen
- at ein ikkje skal nytte assistentar til å ta på seg læraroppgåver og oppgåver som krev pedagogisk eller anna spesialutdanning
- at alle elevar vert undervist av lærarar med relevant kompetanse i alle fag og i alle timar
- at skulen skal vere tilknytt eit godt tverrfagleg personale for å ivareta det helsefaglege og spesial- og sosialpedagogiske tilbodet i skulen (miljøterapeut, miljøarbeid, psykiatrisk sjukepleiar, helsesjukepleiar, PPT-tilbod og assistentar)
- ha fokus på tidleg innsats og førebygging
- at Sula skal vere ein kommune og eit lokalsamfunn med MOT, og arbeide

- systematisk for eit godt læringsmiljø, og mot mobbing og utanforskap
- arbeide for at skulefritidsordninga blir tilgjengeleg for dei som treng den, og halde prisen så låg som mogleg
- arbeide for at opningstida i barnehagane og SFO i størst mogleg grad er samkøyrde og i samsvar med familiane sine behov
- at søskenmoderasjon skal gjelde på tvers av barnehagar og SFO
- sikre tilbod om svømmeopplæring i grunnskulen innanfor kommunegrensa
- arbeide for at samarbeidet mellom skulen og partane i arbeidslivet blir styrka, for å gi elevane innblikk i arbeidslivet mellom anna gjennom praksis og arbeidstrening
- at alle born i Sula skal ha ein trygg skuleveg. Vi må sikre trafikkfarlege strekningar og sørge for trygge midlertidige løysningar der ein ventar på permanente utbetringar
- arbeide for å utarbeide ein handlingsplan for korleis ein skal rekruttere nok lærarar med lærarutdanning
- betre lønnsutviklinga i skulen for å sikre rekruttering til læraryrket
- gi alle nyutdanna lærarar kvalifisert rettleiing dei to første åra i sin første jobb
- ha ordningar for tilsette i skulane slik at dei som ønsker det skal få moglegheit til kompetanseheving. Dette må skje i samsvar med behova i den enkelte skule
- gode og funksjonelle leikeapparat og aktivitetar ved alle skulane
- utgreie ei forsøksordning med gratis måltid i skulane
- innføre gratis frukt ved alle skulane
- styrke seksualitetsundervisninga i skulen. Sette større fokus på påverkinga av kroppspress og sosiale medium
- gjere gratis bind og tampongar tilgjengeleg på ungdomsskuletrinnet
- styrke dialogen og samhandlinga mellom heimen og skulen
- vurdere «leksebevisst» skule for grunnskulen i Sula etter modell frå Langevåg barneskule

## Ungdom: lokal oppvekst i ei globalisert verd

I dag veks ungdom opp i ei globalisert verd. Lokalmiljøet har likevel stor betydning i ungdomane sine liv. Trygge og gode fritidstilbod, trivsel på skulen, ei god utdanning og høve til å påverke si eiga og lokalsamfunnet si utvikling er ein viktig føresetnad for eit godt liv.

Ungdomen er Sula si framtid, og vi vil sikre deira framtid ved å gi desse så gode oppvekst- og utviklingstilhøve som mogleg.

### Sula Arbeiderparti vil:

- at det skal vere minst ein kommunal fritidsklubb i Sula
- skape fleire møteplassar for born og unge i offentleg regi
- stø andre initiativ i regi av frivillige lag og organisasjonar
- at den kommunale fritidsklubben og utekontakten som arbeider med førebyggjande ungdomsarbeid skal få dei nødvendige midlar for å oppretthalde drifta og aktivitetane
- styrke ordninga med aktivitetstilskot og kontantkasse
- sjå på løysingar for gratis transport til og frå fritidsklubben
- bygge tilrettelagde bustadar for ungdom med særskilde behov
- arbeide for at det blir etablert rimelege ungdomsbustader eller bukollektiv i kommunen
- sikre at ungdomsrådet får moglegheit til aktiv påverknad i saker som gjeld barn og unge
- at ungdomsrådet skal få overført årlege midlar som dei sjølv kan disponere slik dei ønsker
- stø alternative idretts- og fritidsaktivitetar som ikkje kjem inn under dei organiserte tilboda
- at kommunen gir økonomisk støtte til frivillige lag og organisasjonar som driv barne- og ungdomsarbeid

- styrke det førebyggjande arbeidet mot alkohol- og rusmisbruk
- arbeide for å betre kollektivtilbodet i kommunen, spesielt avgangar kveld og helg
- arbeide for å etablere ein rimeleg taxiordning for ungdom; «Trygt heimatt»

## Helse og omsorg: vi tek vare på kvarandre

Helse-, sosial- og omsorgstenestene er ein av grunnmurane i lokal- og velferdssamfunnet. Det er derfor svært viktig at vi kan gi innbygarane våre eit godt tilbod og ein grunnleggjande tryggleik på dette området. I helse- og sosialpolitikken vil Sula Arbeiderparti ha alle aldersgruppene i tankane anten ein er gamal, ung eller funksjonshemma når tiltak og tenester skal planleggast, prioriterast og settast ut i livet.

### Sula Arbeiderparti vil:

- satse på heiltidsstillingar, for å møte framtidens utfordringar innanfor helse og omsorg
- betre livskvaliteten til eldre og funksjonshemma og sørge for at desse får ein best mogleg kvardag, anten det er i eigen heim eller på institusjon
- styrke det psykiske helsevernet, spesielt for born og unge
- at helse- og omsorgstenestene skal vere eit kommunalt ansvar, og at desse tenestene ikkje blir lagt ut på anbod
- at kommunen yter ei rettferdig omsorgslønn til dei som pleier sine eldre, sjuke og funksjonshemma heime
- stø tiltak og førebyggjande arbeid mot alkohol- og rusmisbruk, særleg tiltak retta mot barn og ungdom må prioriterast
- arbeide for å styrke det førebyggjande arbeidet blant barn og unge innan kultur, idrett og skule
- at vi skal ha nok sjukeheims- og institusjonsplassar i kommunen til å møte framtidens behov, og utgreie moglegheita for ny sjukeheim
- auka satsing på forebyggjande tiltak retta mot alle aldersgrupper
- oppretthalde eit godt dagsentertilbod for dei eldre i kommunen
- bygge og samle tilrettelagde kommunale bustadar for personar med psykiske og fysisk funksjonshemmingar
- i tråd med Agenda Kaupangrapporten gjere naudsynte tiltak for å styrke heimetenesta, samt gjere det mogleg for at sjuke, eldre og funksjonshemma kan bu lengst mogleg heime i tråd med målsettingane i omsorgstrappa
- auke talet på kommunale driftstilskot til fysioterapeutar som driv førebyggjande og rehabiliterande behandling
- planlegge bygging av Helsehus som gjer det mogleg å samlokalisere til dømes tiltakseining for barn og unge, helsestasjon, legekontoret, NAV, tannhelsetenesta, mm
- kommunen skal ha ein oppdatert bustadsosial plan
- styrke samarbeidet mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar, privatpersonar, med fokus på omsorgstenester ut over det kommunen har kapasitet til, som til dømes besøksven, personlege assistentar og liknande

## Eldre: sjef i eige liv

Sula Arbeiderparti vil arbeide for å sikre ein god alderdom for alle, men eldre er ulike, og alderdomen har ulike fasar. Vi meiner det er viktig å legge til rette for seniorar i

arbeidslivet, for aktivitet og fridomsteknologi, for ein aldersvenleg bustadsektor og heilskaplege heimetenester, i tillegg til at vi ønsker å sørge for god pleie og omsorg når

behovet melder seg. Mange av gjeremåla i kvardagen krev digital kunnskap, også bruk av offentlege tenester. Det skapar forskjellar, og folk fell utanfor. Vi lever veldig mykje av livet vårt på nett no, og får dei fleste offentlege tenestene på nett. Eldre som ikkje har høve til å delta i den digitale kvardagen, skal kunne vere ein del av samfunnet på lik linje med alle andre. I tillegg kan ny teknologi gi fleire eldre fridomen til å leve gode liv og bu trygt heime.

Prognosar viser at vi i 2032 vil ha ei nær dobling av talet på innbyggjarar som er 80 år eller eldre i Sula. Dette betyr at vi må i fellesskap finne gode måtar å møte behova for denne gruppa allereie no. Ei omfattande satsing og bruk av velferdsteknologi, tilpassa brukarane sine behov og tilrettelagt for at tilsette kan arbeide meir effektivt.

## Beredskap og førebygging: tryggleik og nærleik

I Noreg har vi ein sterk rettsstat og ein lang tradisjon for fellesskapsløysingar og offentlege etatar som skapar tryggleik og er til stades nært folk. Alle i Noreg skal kjenne seg trygge – same kor dei bur, og kva bakgrunn dei har. Likevel opplever mange i dag at denne grunnleggande tryggleiken er svekt. Vi ser med alvor på den store auken i alvorleg internettkriminalitet der barn og unge blir utsette for seksuelle overgrep. Arbeidet med digital tryggleik må forsterkast og koordinerast langt betre enn i dag.

Arbeiderpartiet vil kjempe mot kriminalitet, men òg årsakene til kriminalitet. Det skal satsast meir på førebygging og kriminalomsorg, og det er spesielt viktig at unge som står i fare for å falle utanfor, blir gitt høve til utdanning, arbeid, meningsfulle fritidsaktivitetar og fellesskap i nærmiljøet sitt. Politiet skal vere til stades i kvardagen til folk, òg i den digitale kvardagen. Politiet må settast i stand til å førebygge og kjempe mot internettrelatert kriminalitet.

### Sula Arbeiderparti vil:

### Sula Arbeiderparti vil:

- at vi skal ta i bruk teknologi for å gjere kvardagen enklare og tryggare for eldre, tilsette og pårørande
- at vi skal arbeide for å sikre at vi ikkje ekskluderer nokon når våre tenester blir meir digitale
- bruke meir pengar på førebyggjande tiltak som til dømes fallførebygging, kvardagstrim og sosiale aktivitetar
- at der det er formålstenleg kan kommunen bidra med tilskot for å tilpasse eksisterande privat bustad for eldre som ønsker å halde fram med å bu heime. Dette kan vere eit supplement til omsorgsbustader

- inkludere Politikontakta meir i førebyggjande tiltak retta mot born og unge og oppretthalde natteravnsordninga
- at beredskapsarbeidet i kommunen skal halde høg kvalitet med oppdatert planverk og god informasjon ut til innbyggjarane
- at kommunen skal ha nært samarbeid med frivilligheita og næringslivet for å styrke beredskapen
- at kommunen skal ha høg standard og bevisstheit knytt til datasikkerheit og personvern
- vise varsemd med omdisponering av dyrka og dyrkbar jord og legge til rette for vidareutvikling og nyskaping av jordbruket
- at kommunen skal skaffe seg oversikt over tilgjengelege bomberom, og sørge for at desse kan takast i bruk på relativt kort varsel
- kommunen skal arbeide for intensjonane nedfelt i PAKT-planen for regionalt jordvern, dette skal vere førande for kommunale vedtak
- lage ein plan for utbygging og utbetring av kommunal infrastruktur, veg, vatn, avlaup og kommunikasjon, og sikre ogd primær og sekundær vassforsyning
- at kommunen har fokus på tilpassing til ekstremvær i byggesaker

## Barnevern: fellesskapet sitt ansvar til det beste for barna

Alle barn og unge har krav på eit godt oppvekstmiljø, same kven dei er, og kva bakgrunn dei har. Det er fellesskapet si oppgåve å stille opp for barn og unge som har det vanskeleg, og familien, kommunen, barnehagen, skulen, helsetenesta og arbeidslivet må samarbeide for å lykkast. Barnevernet må ha høg tillit i befolkninga, og det skal opplevast trygt å ta kontakt med barnevernet, enten ein treng hjelp sjølv eller er uroa for andre sine barn.

### Sula Arbeiderparti vil:

- at tenester som er retta inn mot barn, unge og deira familiar, må vere samlokaliserte og ha tverrfagleg kompetanse
- at barnevernstenesta må få nok ressursar til å gjennomføre sine oppgåver på ein god måte
- at vi held fram styrkinga av førebyggjande lågterskeltilbod
- at vi arbeider for å rekruttere og følge opp fosterfamiliar, avlastingsheimar og andre vaksenpersonar som er der for våre barn og unge
- arbeide for å normalisere og ufarleggjere det å be om hjelp når ein har det vanskeleg
- ha ei auka satsing på barn og unge med adferdsvanskar i skular og barnehagar, gjennom å tilsette personell med naudsynt fagkunnskap

## Pensjon: ein god pensjon å leve av

Pensjon er ein viktig del av tilsette sine lønns- og arbeidsvilkår. Tryggleiken i ei god pensjonsordning skal ikkje undervurderast.

God økonomi når ein blir pensjonist er viktig for å kunne leve gode sjølvstendige liv i alderdomen.

Tilsette i kommunen skal vere trygge på at pensjonen skal forvaltast på ein trygg og føreseieleg måte, og at den blir forvalta av

selskap som har gode etiske retningslinjer og investerar i berekraftige løysingar.

### Sula Arbeiderparti vil:

- at Sula kommune skal nytte seg av KLP som hovudpensjonsleverandør
- at kommunen si pensjonsordning ikkje skal ut på anbod kun for at kommunen skal oppnå kortsiktig økonomisk gevinst



# Klima og miljø

## Klima og natur: ramma rundt all annan politikk

Menneskeskapte klimaendringar og global oppvarming er det mest alvorlege trugsmålet mot livsgrunnlaget på jorda. Vi er den første generasjonen som for fullt merkar klimaendringane i kvardagen, og vi er den siste generasjonen som har reell moglegheit til å avgrense skadeomfanget. Dette er dei største utfordringane i vår tid.

Noreg skal bli karbonnøytrale innan 2050. For å nå dette målet må vi alle ta ansvaret på alvor og gå saman om ein aktiv miljøpolitikk for dei områda vi kan påverke, også her i Sula. Dette betyr òg å hindre tap av verdifull natur og artsmangfald. Det er viktig at vi hugsar på at vi låner naturen av dei framtidige generasjonane og har dette i tankane når vi vidareutviklar kommunen vår.

Vi må sikre vekst og velferd i framtida utan å øydelegge naturen. Naturen er sjølve grunnlaget for velferda vår i Noreg. Ein økonomi i balanse er avhengig av ein natur i balanse. Arbeiderpartiet vil stanse tapet av natur. Vi kan bygge smartare, planlegge betre og ta klokare val for å ta vare på den mest sårbare naturen. Ei berekraftig forvaltning av naturressursane vil òg hindre utbrot av nye pandemiar og medverke til å redusere omfanget av klimakrisa.

Strand, skog, fjell og fiskevatn skal vere tilgjengelege for alle. Retten til naturopplevingar og natur er ein grunnleggande rett i landet vårt, likevel ser vi at den blir utfordra. Strandsona blir bygd ut, og viktige friluftsliv- og naturområde bygde ned. Arealendringar er den største årsaka til tap av naturmangfald. Gjennom utbygging og andre inngrep i naturen vil leveområda til artane minke eller gåar tapt.

Fylkesplanen for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021- 2024, set fire langsiktige utviklingsmål for å nå FN sine berekraftmål. Eitt av desse er «Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nummer 1». For å nå dette langsiktige målet, er det mellom anna sett eit mål om å ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar. Vidare er det eit mål å forvalte sjø og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødige landskapsinngrep. Presset på naturressursar aukar. For å nå miljø- og klimamåla som er sette, er det heilt nødvendig å føre ein langt meir restriktiv arealpolitikk, noko som òg kjem tydeleg fram i rapport frå FN's naturpanel. Sula Arbeiderparti vil bidra til at desse målsettingane vert nådd.

Sulafjellet har i generasjonar vore viktig som tur- og rekreasjonsområde; beite, jakt, fiske og friluftsliv. Med dagens løypenett er fjellet ikkje berre viktig for innbyggjarane i Sula, men for heile Ålesundsregionen. Fjellet er lett tilgjengeleg og ligg godt til rette for små og store naturopplevingar.

I kartlegging og verdsettinga som vart gjennomført av Sula kommune i 2018 er store delar av Sulafjellet sett til å vere eit svært viktig markaområde. Det er den avgrensa tilgangen innbyggjarane har til denne områdetypen som gir den høge verdien. For markaområder som dette ligg mykje av verdien i fråver av tekniske inngrep, og for moglegheita for å finne stillheit, fred og ro. Området er svært viktig som utfartsområde med fleire skilta og merka ferdselsårer. Ein stor del av opplevinga for dagens brukarar ligg i kontakten med naturen og kjensla av å vere i

urørt natur. Det er her mykje av grunnlaget for naturopplevinga og områdeverdien ligg.

### **Sula Arbeiderparti vil:**

- sikre naturmangfaldet og kvalitetane på Sulafjellet, våtmarksområda, holmane, skjergarden og strandline gjennom å definere ei markagrense. Ytterlegare utbygging av hyttefelt, vindturbinar og større naturinngrep i sårbare områder kan ikkje tillatast
- kommunen skal legge vekt på å redusere ulemper for innbyggerane ved større utbyggingsprosjekt enten det er i kommunal eller privat regi. Ein må så tidleg som mogleg involvere råka partar for å sikre god dialog og finne løysingar som avgrensar ulempene
- arbeide for at miljø og klimaplanen for kommunen blir følgd opp og fortløpande rullert
- framleis arbeide for betre energiøkonomisering innanfor kommunal verksemd
- prioritere å finne og realisere løysingar for Vågevatnet
- arbeide for at det blir gjennomført tiltak som førebygg og ryddar opp i forsøpling av natur og friluftsområde
- at kommunen er ein aktiv deltakar i skjergardstenesta
- arbeide for at kommunen skal vise stor varsemd med utbygging av strandsona
- at tekniske installasjonar blir tilpassa naturen og omgjevnadane
- at Sula kommune i større grad skal erverve friluftsområde ved å nytte Statens innkjøpsordningar

- styrke friluftsrådet sitt arbeid
- sikre at Langevågsholmane framleis skal vere tilgjengeleg for allmennheita
- lage ny reguleringsplan for Vasset friluftspark og sikre offentleg kontroll på areala i planen
- beitedyr på Sulafjellet er ein viktig del av økosystemet på Sulafjellet. Gjengroing er et problem når det gjeld tap av kystlynghei, som er ein viktig art å ta vare på. Konsekvensutgreiingar har vist at sauehold og brenning av områder kan bidra til å ivareta kystlyngheia som art. Som del av dette vil Sula Arbeiderparti jobbe for å få til insentiver for å oppretthalde beitedyr på fjellet
- sikre at grøntområder i tettbygde områder er lett tilgjengeleg for alle
- satse på gang- og sykkeltiltak der det er mogleg og kan føre til positive gevinstar
- arbeide for at kommunen skal vise stor varsemd med utbygging av strandsona
- ha fokus på jordvern ved omdisponering av dyrka mark
- legge til rette for jakt, fiske og friluftsliv for alle
- utgreie konsekvensar med tanke på Co2 og eventuelt andre utslepp der ein skal omdisponere myrområde
- kommunen må legge til rette for jakt på sine allmenningar i tillegg til å inngå avtalar med grunneigarar. Slik kan ein legge til rette for introduksjonsjakt og opne for nye jegerar
- arbeide for nødvendig vern av det rike dyre- og fuglelivet i kommunen

### **Sirkulærøkonomi: dele for å skape**

Renovasjon og gjenvinning er ei naudsynt og viktig teneste for innbyggerane som blir stadig meir komplisert og lovregulert. Krav til sirkulærøkonomi og gjenbruk gjer at denne tenesta vert best løyst i samarbeid med nabokommunane i regionen.

Sula kommune er med i ei rekke viktige samarbeid mellom anna FN-laben, United for smart and sustainable cities (U4SSC), region Ålesundssamarbeidet og The North West. Sula Ap vil styrke og utvikle desse samarbeida.

Kommunen skal sette krav til berekraft og ryddige arbeidsforhold gjennom kommunale innkjøpsordningar.

**Sula Arbeiderparti vil:**

- oppretthalde kvaliteten på renovasjonsordninga
- at Sula kommune skal ta del i interkommunale løysingar innanfor renovasjon og gjenvinning
- arbeide for at kostnadane til renovasjonsordningane er rimelegast mogleg for å holde gebyrnivået nede
- arbeide for eit regionalt slamhandsamings- og biogassanlegg





## Del 4:

# Folk og samfunn

## Tru og livssyn: eit livssynsoppe samfunn med respekt for alle

Vi ønsker eit livssynsoppe samfunn, der alle har respekt for og kunnskap om andre si tru, livssyn eller ikkje-tru. Noreg har ein kristen og humanistisk arv, som vi ønsker ta med oss i møte med eit stadig meir mangfaldig samfunn. Vi ønsker å legge til rette for at folk skal kunne samlast og dyrke sine livssyn slik de skal ønske det. Vi anerkjenner kva trus- og livssynssamfunna har å seie både for enkeltmenneske og for samfunnet. For mange menneske utgjør trus- og livssynssamfunna viktige fellesskap, dei skapar tilhøyrse og identitet.

### Sula Arbeiderparti vil:

- arbeide for at våre offentlege institusjonar legg til rette for at alle har høve til å utøve si tru og sitt livssyn

- arbeide for å sikre barn sin medverknad og sjølvråderett i spørsmål om tru og livssyn
- sikre eit livssynsnøytralt rom i Sula med moglegheit for bruk av fleire
- sikre god drift av kyrkjene og kyrkjegardane
- at det skal etablerast eit nytt kyrkjelydsenter i tilknytning til Langevåg kyrkje, som òg kan nyttast til livssynsnøytrale seremoniar
- at i skulane på Sula må føresette aktivt melde på eleven til deltaking i gudstenester i staden for å melde seg av
- opprette eigen gravlund for andre religionar og livssyn

## Bustad: trygg bustad for alle

Sula Arbeiderparti vil arbeide for at kommunen legg tilhøva til rette slik at alle som ønsker det kan få ein god bustad i eit godt bustadmiljø. Det er viktig at kommunen yter gode tenester og er med på å skape gode bustadmiljø. Eit levande bustadmiljø er viktig for det einskilde mennesket si utvikling og trivsel, og skaper grunnlag for felles aktivitetar.

For å legge til rette for utbygging av bustadar i alle delar av kommunen må ein sørge for god infrastruktur (veg, vatn, avlaup, skular og barnehagar) før utbygging kan tillatast.

### Sula Arbeiderparti vil:

- at det blir lagt til rette grunn for bustadfelt og tekniske anlegg i heile kommunen, der kommunal infrastruktur ligg til rette for

det (veg, vatn, avlaup, skuleveg, kapasitet i skule og barnehage)

- at det blir bygd fleire kommunale bustader for ungdom i etableringsfasen og for folk med nedsett helse og arbeidsevne
- ha kommunale bustadfelt heller enn private
- arbeide for å trygge alle bustadmiljø mot trafikkfarar og å auke trafikktryggleik i eksisterande bustadmiljø
- arbeide for at dei som treng det kan få fullfinansierte husbanklån
- at Sula kommune skal auke ramma for startlånordninga og at alle som treng det og stetter krava skal få dette
- at det skal utarbeidast ein bustadutbyggingsplan for Sula kommune slik at kommunen har større kontroll med kvar bustadar skal byggast ut og kva type

- bustader som skal byggast i dei ulike områda
- at kommunen sikrar seg naudsynt areal til utbygging av kommunale tenester for framtida
- i langt større grad sette krav til private utbyggarar at dei bidreg til å bygge fortau og andre trafikktryggingstiltak, der utbygging vil føre til eit slikt behov
- sørge for at vi får ein vedteken, framtidsretta sentrumsplan for Langevåg, men òg sjå på behovet for meir overordna planar for dei andre tettstadane i kommunen vår; Sentrumsplan del 2
- oppdatere arealplanane for kommunen slik at dei vert betre tilpassa for framtidig vekst i folketalet
- at i starten av perioden skal arbeidet med rullering av kommunens areal- og samfunnsplan settast i gong
- opprette kommunalt fond for infrastruktur. Alle utbyggarar skal betale inn en liten sum som skal gå til dette fondet, som kommunen kan bruke til å bygge ut infrastruktur på områder det ikkje har blitt utbygd, eksempelvis fortau. Særleg der krav om dette ikkje vert utløyst grunna storleik på utbygging
- at kommunen stiller større krav til utbyggar vedkomande utbygging av infrastruktur i samheng med bustadfeltutvikling
- bygge tilrettelagde bustadar for ungdom med særskilde behov
- arbeide for at det blir etablert rimelege ungdomsbustader eller bukollektiv i kommunen
- styrke tilsynet i byggesaker, dette skal finansierast gjennom sjølvkost og innføring av eit tilsynsgebyr i alle byggesaker

## Kultur-kommunen Sula

Kultur gir oss noko å leve for. Gode kulturopplevingar gir den enkelte høve til refleksjon og læring, og i samfunnet oppstår det sams historier og samlingspunkt gjennom kulturelle opplevingar. Kulturen bidreg på denne måten til å skape gode liv og eit godt samfunn. Dette er òg eit kommunalt ansvar. Kulturskule, bibliotek og fritidsklubb er førebyggjande ungdomsarbeid. Det er mykje god førebygging og folkehelse i kultur. Dei frivillige organisasjonane spelar ei sentral rolle i kulturlivet på Sula. Det er derfor viktig at kommunen er med på å støtte desse.

### Sula Arbeiderparti vil:

- ta vare på vår lokale identitet som kulturkommune ved å legge til rette for eit mangfald av kulturaktivitetar og kulturopplevingar
- ta vare på Sula kommune sitt omdøme som kulturkommune lokalt ved å bruke

etablerte kulturutøvarar som ressurs og inspirasjon, og støtte nyetablerte kulturutøvarar til dømes med kulturstipend

- at det rike kulturlivet vi har i kommunen må oppretthaldast og stimulerast
- utgreie moglegheitene for bygging av eit nytt kulturhus i kommunen
- at fleire barn får høve til å delta i kulturskulane til ein rimeleg pris
- kulturkarusellen skal vere eit obligatorisk tilbod i alle skular
- arbeide for likestilling og mangfald innanfor alle områda i kulturlivet
- ha politikk som stør opp om alt det positive ved digital spelkultur, og som førebygg eventuelle negative sider ved dataspel
- gi kulturskulen minimum 50% stillingsheimlar til å undervise alle aspirantane til skulekorpsa

## Idrett og friluftsliv:

Idrett og friluftslivsaktivitetar er særskilt viktig for å skape eit godt og meningsfullt lokalsamfunn. Idrett skapar engasjement og begeistring og gir auka livskvalitet, trivsel og gode oppvekstvilkår. Vi vil derfor legge tilhøva til rette for å kunne drive idrett, eller nyte friluftsliv.

Dei nasjonale måla for friluftslivspolitikken er å ta vare på og utvikle friluftslivet sin posisjon vidare ved å hegne om allemannsretten. Det å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmene rettar til fri ferdsel og opphald i naturen er viktig. Moglegheita for å utøve friluftsliv som ein helsefremmande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet, må oppretthaldast for noverande og komande generasjonar.

Naturvenleg tilrettelegging for friluftsliv med god balanse mellom område med og utan tilrettelegging, bør løftast fram som eit overordna prinsipp. Derfor bør ein ta vare på ein variasjon av ulike typar naturområde, både av omsyn til naturen sjølv og dei som nyttar naturen.

At ein kan oppleve spesielle naturområde med særskilte kvalitetar også i nærområda til byar og tettstader er av høg verdi for allmenta. Det er heller ikkje eit mål at alle naturområde skal vere tilgjengelege for alle, nettopp grunna sårbar natur, topografi og landskap. Sulafjellet, Veddemarka, Eikrem og Solavågsfjellet er nokre slike områder ein må ta omsyn til.

## Frivillig innsats: ein sterk frivillig sektor som står på egne bein

Frivillig innsats gjer samfunnet vårt rikare og fellesskapet sterkare. Frivillig arbeid fyller ei rolle verken marknaden eller det offentlege kan fylle i samband med omsorg, friluftsliv, integrering, folkehelse, kultur og idrett. Frivillige organisasjonar bidreg til læring og inkludering og gir folk i alle aldrar høve til å møtast, engasjere seg og tilhøyre eit fellesskap. Frivillig deltaking motverkar einsemd og fremjar folkehelse.

### Sula Arbeiderparti vil:

- at det blir gitt støtte til drift og vedlikehald av dei eksisterande idrettsanlegg og forsamlingshus
- støtte lag og organisasjonar som driv fysisk fostring blant unge og eldre
- bidra til å gjere naturen tilgjengeleg for flest mogleg slik at folk i alle aldrar kan få bruke naturen og få gode naturopplevingar
- styrke det interkommunale samarbeidet innanfor friluftssektoren
- sikre allmenn fri ferdsle i områder slik som fjellet, strandsona og Langevågsholmane
- støtte tiltak for å få fleire miljø og turstiar rundt om kring i kommunen der dette vil vere til glede og nytte for innbygarane
- at kommunen lagar ein overordna reguleringsplan for alle turløypene i Sula og tar over som grunneigar for desse. Det vil gjere det langt enklare for dei frivillige som i dag driftar og vedlikeheld desse med å forhalde seg kun til kommunen som grunneigar
- lage ny reguleringsplan for Vasset friluftspark og sikre offentleg kontroll på areala i planen
- styrke friluftsrådet sitt arbeid
- aktivt bruke offentlege midlar for å sikre friluftssareal til allmenn bruk
- Utarbeide og definere ei markagrense i heile kommunen

### Sula Arbeiderparti vil:

- at kommunen yter økonomisk stønad til velforeiningar eller foreldre som tar initiativ til bygging av leikeplassar i nærmiljøet, under føresetnad av at desse er opne for alle barn
- at kommunen gir rettleiing og bistand til velforeiningar som tar initiativ til bygging av leikeplassar i nærmiljøet, slik at alle

leikeplassane kan møte same krava til tryggleik og sikkerheit for både barn og vaksne

- kommunen bør støtte lokale frivillige organisasjonar som arbeider målretta mot dei som fell utanfor av økonomiske og sosiale grunnar

## Likestilling, innvandring, inkludering og antirasisme: eit likestilt samfunn er eit fritt samfunn

Diskriminering og manglande inkludering fører til at menneske blir utestengde frå viktige fellesskap i samfunnet vårt. Ingen menneske skal diskvalifiserast frå arbeidslivet, stengast ute frå det sosiale fellesskapet eller hetsast på bakgrunn av kva hudfarge, tru, funksjonsevne eller seksualitet han eller ho har, og ingen minoritetar skal diskriminerast.

Innvandringa har gjort Noreg til eit meir mangfaldig samfunn. I Sula er vi no snart 14% av våre innbyggjarar som har innvandrarbakgrunn. Vi ser på dette mangfaldet som ein styrke.

Kommunen skal legge til rette slik at dei som fell utanfor det ordinære arbeidslivet òg har moglegheit for aktivitetar og en meningsfull kvardag.

### Sula Arbeiderparti vil:

- styrke undervisninga i seksualitet og grensesetting, kjønns- og seksualitetsmangfald, LHBT+ og reproduktiv helse i barnehagen, grunnskulen og den vidaregåande skulen
- arbeide for universell utforming og tilgang slik at alle kan ta del i samfunnet
- arbeide for at Sula kommune går føre og arbeider aktivt for rekruttering av tilsette med fleirkulturell bakgrunn
- sørge for at flyktningar som kjem til kommunen blir tatt i mot på ein god måte og blir sikra gode butilhøve, deltaking i lokalsamfunnet, godt tilbod i skule og barnehagar, og får ta del i arbeidslivet
- legge til rette for møteplassar der ein på tvers av kulturelle og sosiale grenser kan oppleve fellesskap og meningsutvekslingar

## Familie: gode ordningar for alle familiar

Familien er grunnmuren i eit kvart lokalsamfunn. Men framleis er det mange småbarnsfamiliar som slit med å få dagen til å gå opp både økonomisk og tidsmessig. Alle skal kunne kombinere arbeid med familieliv og fritid. Kommunen må legge til rette for at alle born skal ha moglegheit til å ta del i fritidsaktivitetar og ta del i fellesskapet.

Tiltak for å motverke utanforskap er naudsynt både for kommunen, lokalsamfunnet og den enkelte.

### Sula Arbeiderparti vil:

- halde prisen for SFO så låg som mogleg

- at søskenmoderasjon skal gjelde på tvers av barnehagar og SFO
- arbeide for at opningstida i barnehagane og SFO i størst mogleg grad er samkøyrt og i samsvar med familiane sine behov
- arbeide for at skulefritidsordninga blir tilgjengeleg for dei som treng den
- arbeide for at dei som treng det kan få fullfinansierte husbanklån
- at Sula kommune skal auke ramma for startlånordninga og at alle som treng det og stettar krava skal få dette
- styrke aktivitetstilskotsordningar, kontantkasse og utstyrsbibliotek og liknande

# Sula - ein del av verda

## Regional utvikling

Sula er ein del av Ålesundsregionen sin bu og arbeidsmarknad. Ein betydeleg del av innbyggerane arbeider i denne regionen. Det å ha nære og tette samarbeid med kommunane rundt oss er svært viktig. Sula kommune må ta aktivt del i arbeidet for å styrke regionen og regionsamarbeidet.

### **Sula Arbeiderparti vil:**

- betre det regionale kollektivtilbodet
- støtte det pågåande arbeidet i «Region Ålesund» for å få realisert ein overordna areal-, klima og transportplan
- styrke og betre dei interkommunale samarbeida
- styrke samarbeidet mellom kommunane, næringslivet, skule og forskningsmiljø i regionen

## Samferdsle

Gode kommunikasjonar og trygge vegar er ein viktig føresetnad for at folk skal kunne bu og leve trygt og godt på Sula. Sula er ei viktig samferdsleåre, med fleire trafikknutepunkt. Det er viktig at ein arbeider for at riks- og fylkesvegane i Sula er trygge å ferdast både på og langs. Desse vegane har fleire punkt som må tryggast og sikrast.

Privatbilen er ein viktig del av kommunikasjon og transport i det moderne samfunnet. Men vi må òg legge til rette for mjuke trafikantar. Kollektive transporttilbod må ha ein viktig og stor plass i samferdslepolitikken.

### **Sula Arbeiderparti vil:**

- arbeide for å bygge tunell mellom Vedde og Eikrem. Denne forbindelsen er ein føresetnad for realisering av Borgundfjordtunellen
- sikre skulevegane, og trygge overgangar for mjuke trafikantar langs fylkes- og riksvegane
- at alle skuleborn skal ha trygg veg til skulen, då må ein sørge for gode gang- og sykkelveg, med overgangar som er opplyste, synlege og trygge

- arbeide for å verne om mest mogleg av naturen ved utbygging av vegar
- bevare Langevågsbåten og styrke rutetilbodet
- arbeide for å betre parkeringstilhøva i Langevåg sentrum og Lerheimkaia, og legge betre til rette for mjuke trafikantar i sentrum
- legge meir til rette for universell utforming av gang- og sykkelstiar, busshaldeplassar og liknande i Sula
- arbeide for ei utbetring av Bjørkavågkrysset
- halde fram arbeidet med å få utbetra Veibustkrysset
- arbeide for å realisere sentrumsplanen for Langevåg
- vurdere behovet for meir detaljerte planar for utvikling av Fiskarstrand, Mauseidvåg og Solavåg
- prioritere bygging av gang- og sykkelveg på strekningane Bjørghaugen - Molværsbrauta - Remane - Vassetvegen, og Furneskrysset - Mauseidvåg sentrum
- private utbyggerar må ta eit større ansvar med utbetring og trafikktryggingstiltak der deira prosjekt er med på å auke behovet for slike tiltak

## Eit godt lokaldemokrati

Eit godt samspel mellom kommunen, politikarane og innbyggerane er avgjerande for å sikre deltaking og eit godt lokaldemokrati. Eit godt samspel forutset tillit. Innbyggerane må ha tillit til kommunens administrasjon og politikarane, og den må forteneast.

Det er derfor viktig at kommunen har openheit og er transparent rundt prosessar, og at kommunale dokument er lett tilgjengelege og forståelege for innbyggerane. Det må vere enkelt for innbyggerane å ta del og å kome med innspel.

Det er viktig at lokalpolitikarane er medvetne om sine roller og at ein kan skille mellom forvaltningsrolla og ombudsrolla. Politikarane skal forvalte eit lovverk, som er sterkt regulert, altså norsk lov. Administrasjonen skal gjere det så enkelt som mogleg for politikarane å forvalte dette lovverket.

Rolla som tillitsvald for folket i kommunen er òg viktig. Det skal vere moglegheit for innbyggerane å få vidareformidla spørsmål og saker dei er opptekne av til politikarane. Men rolla som tillitsvald må ikkje kome i konflikt med rolla som forvaltar. Først og framst må saker handsamast innan rammeverket som norsk lov set.

Sosiale medier har blitt ei viktig plattform for innbyggerar å ytre seg på. Det er viktig at ein tenker godt gjennom korleis ein opptrer og kommuniserer med kvarande på nett. Vi har alle eit ansvar for eit godt debattklima og respektfull dialog, og politikarar har eit særskilt ansvar i høve til dette.

Ombudsrolla skal sjølvstendig virke begge vegar. Og ein folkevald skal òg opplyse folket om korleis forvaltninga fungerer. Det er viktig at politikarane får god opplæring når dei tek til på oppgåvene sine som folkevalde. Dette for å kunne forvalte ansvaret sitt på best mogleg måte.

### **Sula Arbeiderparti vil:**

- arbeide for at samspelet og tilliten mellom kommunen, politikaren og innbyggerane skal vere så godt som mogleg
- at lokalpolitikarane skal få best mogleg opplæring i korleis utøve si rolle
- forenkle kommunikasjonen mellom innbyggerar og kommunen
- at det skal vere enkelt for innbyggerane å forstå og ta aktivt del i kommunale saker under utarbeiding
- arbeide for at politikarane våre skal vere gode førebilder på sosiale media
- arbeide for at vi har eit debattklima med respekt for ulike meiningar og respekt for kvarandre
- arbeide for eit god tverrpolitisk samarbeid, der ein ønsker å spele kvarandre gode, vere gode førebilder, og framsnakke kvarande og Sula
- arbeide for å hindre netthets og hets i offentlege diskusjonar
- å redusere avstanden mellom innbyggaren og kommunen, ved til dømes å ha sluttbrukar i fokus når nye prosessar, rutinar og tenester skal utarbeidast
- at kommunen skal forenkle det administrative språket (til dømes 'boss' i staden for 'renovasjon') i kommunikasjon til innbyggerane

